

Miljødirektoratet

v/direktør Ellen Hambro

Trondheim

Rauland, 01.09.2014

**Brev 28.08.2014 frå MiD (2013/7719) - svar på etterlysing av svar på ymse brev .**

Brevet mitt 22.07.2014 var stila til Direktøren. Eit hovudpoeng var den lange tida som hadde gått utan at opphøvelege brev var svara på. Eg ser det som eit overordna leiaransvar at brev blir svara på innan rimeleg tid - såleis hadde eg venta at dette hadde blitt kommentert frå leiarhald. Eg bed no om at det blir gjort, og at tiltak blir sette i verk slik at ein slepp å oppleve slikt for ettertida.

Så til innhaldet i brevet 28.08.2014. Innleiingsvis seier ein at spørsmåla "er tidlegare besvara" i møte der HG har vore representert. Det er rett at spørsmåla har vore drøfta, men skriftlege spørsmål krev skriftlege svar! Ikkje minst vil det då vera naturleg med ei grundig grunngjeving, og ikkje berre ein stutt konklusjon!

MiD har i slike samanhengar sagt at når det er tale om parallelle organ, må ein akseptere at det blir ulik praksis. Kvar er det prinsippet teke i frå? Eg kan ikkje sjå at det nokon stad stend i Forvaltingsplanen. Tvert i mot stend det i forordet (upaginert) at ei målsetjing med planen har vore "å presisere forvaltningsplanen betre på punkt der det har vore for stort rom for skjønne mellom dei ulike fylka med ulik handsaming som resultat."

I samandraget (heller ikkje paginert ) stend der konkret om byggesaker at det er ynskjeleg " ... å få ei lik og rettferdig handsaming på tvers av fylkesgrenser."

I klartekst, lik praksis er ei målsetjing.

**Eg bed MiD grunngjeva kvifor prinsipp fastslegne i eit offisielt dokument (Forvaltingsplanen) er sette til sides i høve til eit prinsipp teke or lause lufta ( ein må akseptere osb., jf over).**

Når det gjeld spørsmålet om sakshandsamingsorgan ved riving og oppattbygging på ny tomt, ser eg at MiD langt på veg gjev meg rett i at FM har teke seg til rettes. At ein velsignar "praksis" (ei sak!) konstaterer eg òg, og det er innan dei fullmakter MiD har. Men, det er ikkje i samsvar med regjeringsfråsegna, der ein ynskjer å avgrense den makt FM har som sakshandsamingsorgan.

MiD skriv at ein ikkje har motteke brev dagsett 19.10.2013. Det blei ekspedert i epost 20.10, same ekspedisjon som kopi til FMTe. Dit har det kome fram. I samtalar med Øyvind Bonesrønning og Olav Nord-Varhaug har eg skjønna det slik at det og hadde kom fram til MiD. I alle høve, det er no ekspedert på nytt i epost til Øyvind Bonesrønning.

Helsing

Johan Vaa (sign.), leiar HG

Kopi til FM, TU Telemark, Ordførarutvalet